

Eit innspel til

Innstilling frå arbeidsgruppa for 5. studieår.

Som fagansvarlege/fagpersonar innafor strafferett/straffeprosess støttar vi hovudtrekka i innstillinga. Den vil gi 5. studieår eit verdifullt og tiltrengt fagleg løft.

Samtidig sluttar vi oss til dei generelle synspunkta som professor Kjelby har ført fram når det gjeld *rekkefølga* mellom masterkurset i strafferett og straffeprosess og spesialemna innafor fagområdet. For å oppnå målet om fagleg fordjuping gjennom heile 5. studieår, må det leggjast til rette for at studentar *normalt* kan skriva masteroppgåva heilt til slutt. Dette vil også gjera det lettare å utvikla ein samla «fagpakke» for denne linja på 5. studieår.

Det er i den samanheng naturleg å drøfta breitt i faggruppa om det er behov for og kapasitet til å tilby også andre spesialemne i tillegg til dei noverande. For disponeringa av dei interne lærarkreftene på fagområdet er det den totale belastninga det kjem an på, meir enn kva undervisningsoppgåver som kjem først og sist.

Bergen 23.04.21

Jørn Jacobsen, Jon Petter Rui, Linda Gröning og Erling Johannes Husabø